

- Støtte til teologisk utdanning
- Opplæring i sjelesorg og diakoni
- Økologisk jordbruk og miljøvern
- Støtte til kvinner utsett for menneskehandel

©UNSPASH



©MARIT MJØLSNESET/NMS

- Leiartrening og lekmannsopplæring
- Berekraftig kyrkjeutvikling og nettverksbygging
- Førebygging av menneskehandel
- Støtte til fattige barn og unge
- Regenerativt jordbruk

Korleis fungerer misjonsavtale med NMS?

Kyrkjelydar med misjonsavtale blir følgt opp av frivillige eller tilsette i NMS. Når kyrkjelyden har inngått ein avtale med NMS, får han si «eiga nettside» på nms.no/finndinmenighet. Der kan de søke opp kyrkjelyden og kome til ei oversikt med informasjon, historiar og blogginnlegg frå arbeidet de støttar. I tillegg er det ei oversikt over gåver de har gitt til NMS.

De får nyheitsbrev på e-post tre til fire gonger i året og bladet MT (Misjonstidende) med seks utgåver i året. Elles står de fritt til å bruke alle ressursane på nms.no.

Kyrkjelyden på si side legg til rette for forbøn, givarteneste, formidling av informasjon og å skape interesse og engasjement for misjonsarbeidet som avtalen gjeld for.

Gjennom å vere ein brubyggar innan det fellesskapet som utgjer den verdsvide kyrkja, ønskjer vi med misjonsavtalen å skape misjonsengasjement med både lokalt og globalt perspektiv.

Velkomen med på laget – ta gjerne kontakt med oss for meir informasjon!



KJÆRE KYRKJELYD

Synleggjer kyrkja sitt globale oppdrag – opprett misjonsavtale med NMS

Kyrkjemøtet er Den norske kyrkja (Dnk) sitt øvste valde organ. På møtet i 2021 var ei av sakene (09/2021) «Den norske kyrkja sitt globale oppdrag». I vedtaket oppmodar ein den lokale kyrkjelyden til å synleggjere dette oppdraget med å «ha minst ein misjonsavtale med misjonsorganisasjonane innanfor Samarbeid menighet og misjon» (SMM).

NMS er ein av desse organisasjonane og har lang erfaring med misjonsavtalar med kyrkjelydar i Dnk. Vi vil gjerne inngå ein avtale med kyrkjelyden dykkar! Det er utarbeidd informasjonsmateriell og nettsider

som er spesielt tilrettelagde for kyrkjelydane (nms.no/menighet).

Vi har òg ressursar til bruk i kyrkjelydsutvikling. I tillegg har NMS sin barne- og ungdomsorganisasjon (NMSU) utvikla ressursar til trusopplæring og konfirmantundervisning.

På dei følgjande sidene presenterer vi NMS sitt engasjement i ulike land. Vi ønsker kyrkjelyden velkomen til å bli ein del av dette livsforvandlande arbeidet!

Saman deler vi trua på Jesus, utrydder fattigdom og kjempar mot urett.

NMS tilbyr misjonsavtale med fokus på eit av landa som vert presenterte i denne brosjyra. Her er nokre stikkord rundt engasjementet i dei ulike landa.

SAMAN forandrar VI VERDA

- Skape møtestadar for kyrkjeframand ungdom
- Leiarutvikling og bygging av ungdomsforsamlingar
- Global ungdomsutveksling mellom kyrkjer



England

- Evangelisering og teologisk utdanning
- Inkluderande utdanning
- Konfliktførebygging gjennom dialog
- Berekraftig miljøarbeid



Kamerun




Estland

- Kyrkjelydsplanting og kyrkjelydsbyggande arbeid
- Leiarutvikling og lekmannsopplæring
- Kristent mediearbeid - av og for ungdom
- Global ungdomsutveksling mellom kyrkjer




Mali

- Kyrkjelydsbygging blant fulaniar
- Bibelomsetting til fulani
- Bekjempe kjønnslemlesting og barneekteskap
- Alternativ inntekt i konfliktområde



Frankrike

- Planting av kyrkjelydar på nye stadar
- Ny start i eldre kyrkjelydar
- Oppbygging av kristne fellesskap for ungdom



Madagaskar

- Utdanning; teologi, leining, økonomi, antikorrupsjon
- Bibelomsetting til teiknspråk og minoritetsspråk
- Inkludering/utdanning for syns- og høyrselshemma
- Miljø, mattryggleik og mental helse




Midtøsten

- Kristent mediearbeid og tilgang til biblar
- Nettbasert teologisk utdanning
- Kjempe mot kjønnsbasert vald og tvangsekteskap
- Juridisk bistand og vern til trusminoritetar



Japan

- Dele trua på Jesus der han er ukjend
- Utdanning av prestar og kyrkjelege medarbeidarar
- Undervisning og arbeid innan diakoni



Etiopia

- Fokus på kvinner og unge i kyrkje og samfunn
- Bibelomsetting til minoritetsspråk
- Støtte og løfte marginaliserte folkegrupper
- Klimasmart og berekraftig landbruk

(Bla om for å sjå presentasjonen av arbeidet i Kina og Thailand.)

Meir informasjon om NMS og kva vi kan tilby kyrkjelyden, finn de på nms.no/menighet